



MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - dispensasjon - Masfjorden 5/1 mfl - Ytre Raumholmen - oppsetjing av vindmølar

Vi viser til brev frå Masfjorden kommune, datert 25.05.23. Saka gjeld søknad frå Kystverket om oppsetjing av vindmølar på Ytre Raunholmen i Masfjorden kommune for å auka sjøsikkerheita. Primært ved Haugsøytangen ankringsområde, som ligg like ved.

Tiltaket krev dispensasjon frå planformålet, som er LNF og friluftsområde og frå §1-8, avstand til sjø.

### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er registrert fleire trua fugleartar i området. Det er viktig at desse ikkje vert negativt råka av tiltaket. Kommunen har vurdert at eit evt. løyve til etablering bør ha som vilkår at sjølve etableringa og evt. vedlikehald må skje utanfor tida for hekking for desse fugleartane. Statsforvaltaren støttar denne vurderinga, og ber kommunen sette slike vilkår, om det elles vert vurdert at det er grunnlag for dispensasjon.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

